Høgskolen i Telemark

Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

714 LINGVISTIKK

27.09.02

Tid:	3 timer
Målform:	Bokmål/Nynorsk
Sidetal:	5 inkl. forside
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Svar på alle spørsmåla
	Rutepapir blir delt ut
Vedlegg:	Ingen

Eksamensresultatene blir offentliggjort på følgende internettadresse:
http://www-bo.hit.no/af

Spørsmål 1: SEMANTIKK

a. Hvordan vil du karakterisere det semantiske forholdet mellom *dyr* i *Denne buksa var dyr* og *Vi hørte et dyr utenfor hytta*? Hva med *strøm* i *strømregning* og *havstrøm*? Begrunn svarene.

b. Forklar hva vi mener med antonymi og synonymi, og finn et antonym og et synonym til adjektivet *dyr*.

c. Hva er det semantiske forholdet mellom substantivene *dyr* og *bjørn*?

Spørsmål 2: MORFOLOGI

a. Vis den hierarkiske morfologiske strukturen til ordene ***lønnskostnader*** og ***frykteligst***. Bruk den nødvendige fagterminologien. Hvilke grammatiske kategorier og grammatiske trekk er representert i disse ordene?

b. Vis et eksempel på **bøyningsmodifikasjon** fra to ulike ordklasser, og forklar hvorfor du mener eksemplene er riktige.

Spørsmål 3: SYNTAKS

a. Gi en syntaktisk analyse av setningen nedenfor ved hjelp av et syntaktisk trediagram.

Pernille påsto at grammatikkboka som Harald hadde gitt henne, var usedvanlig interessant.

b. Forklar hva et **subjunksjonal** er, og illustrer forklaringen med eksempler.

Spørsmål 4: FONETIKK OG FONOLOGI

a. Forklar overgangene [s] til [t], og [ŋ] til [k] i ordet "distinktiv

b. Del opp orda nedenfor i stavelser, og angi om den enkelte stavelse er trykksterk eller trykksvak aksentuert eller uaksentuert:

(a) morfologisk (b) **frykteligst**

(c) bøyningsmodifikasjon (d) usedvanlig

Spørsmål 5: SOSIOLINGVISTIKK

a. Forklar hva som menes med **språkhandlinger**.

b. Gi eksempler på språkhandlinger som kan utføres ved hjelp av **tre** av ytringene nedenfor.

Denne buksa er ikke dyr.

Skal du gå med det slipset?

Hva slags måte er det å snakke på!

Her var det varmt!

Er du ferdig med å spise?

Du trenger litt mat nå.

Spørsmål 1: SEMANTIKK

a. Korleis vil du karakterisere det semantiske tilhøvet mellom *dyr* i *Denne buksa var dyr* og *Vi hørte et dyr utenfor hytta*? Kva med *strøm* i *strømregning* og *havstrøm*? Grunngi svara.

b. Forklar kva vi meiner med antonymi og synonymi, og finn eit antonym og eit synonym til adjektivet *dyr*.

c. Kva er det semantiske tilhøvet mellom substantiva *dyr* og *bjørn*?

Spørsmål 2: MORFOLOGI

a. Vis den hierarkiske morfologiske strukturen til orda ***lønnskostnader*** og ***frykteligst***. Bruk den nødvendige fagterminologien. Kva for grammatiske kategoriar og grammatiske trekk er representerte i desse orda?

b. Vis eit eksempel på **bøyingsmodifikasjon** frå to ulike ordklassar, og forklar kvifor du meiner eksempla er riktige.

Spørsmål 3: SYNTAKS

a. Gi ein syntaktisk analyse av setninga nedanfor ved hjelp av eit syntaktisk trediagram.

Pernille påsto at grammatikkboka som Harald hadde gitt henne, var usedvanlig interessant.

b. Forklar kva eit **subjunksjonal** er, og illustrer forklaringa med eksempel.

Spørsmål 4: FONETIKK OG FONOLOGI

a. Forklar overgangane [s] til [t], og [ŋ] til [k] i ordet "distinktiv

b. Del opp orda nedanfor i stavingar, og sei om den enkelte stavinga er trykksterk eller trykksvak, aksentuert eller uaksentuert:

(a) morfologisk (b) frykteligst

(c) bøyningsmodifikasjon (d) usedvanlig

Spørsmål 5: SOSIOLINGVISTIKK

a. Forklar kva vi meiner med **språkhandlingar**.

b. Gi døme på språkhandlingar som kan utførast ved hjelp av **tre** av ytringane nedanfor.

Denne buksa er ikkje dyr.

Skal du gå med det slipset?

Kva slags måte er det å snakke på?

Her var det varmt!

Er du ferdig med å ete!

Du treng litt mat nå.